



**Bruk av cannabis blant ungdom og unge vaksne  
i alderen 16-23 år i Stord kommune**

Kartlagt av:

Bjarte Epland – SLT koordinator, Stord kommune

John Henrik Staveland Sæter – Utekontakten, Stord kommune

Astrid Marie Strand – Utekontakten, Stord kommune

Nina Notland – MARiS, Stord kommune

Kenneth Stenbråten – Koordinerende tillitsperson, Stord kommune

Øyvind Børnes – Stord lensmannskontor

Ina Blikra Valvatna – NAV, Stord kommune

Rettleia av:

Else Kristin Utne-Berg – KoRus vest, Bergen ved Stiftelsen Bergensklinikkene

Til alle bidragsytarar, tenester, lag og organisasjonar, enkeltpersonar  
og ikkje minst alle unge som har delt kunnskap gjennom  
spørjeskjema og intervju: TAKK

Stord, 22 august 2016

## Innhald

Bakgrunn for kartlegginga.....	3
Målsetjing med kartlegginga .....	3
HKH-metoden .....	3
Kartleggingsprosessen.....	5
Innleiande konsultasjon .....	6
Eksisterande materiale og mediesøk .....	7
Føre Var.....	7
Ungdata .....	7
SHoT .....	7
Mediesøk .....	8
Kartlegging av pågåande innsats .....	8
Intervju med nøkkelinformantar.....	8
Intervju av personar i målgruppa.....	9
Avsluttande konsultasjon .....	9
Cannabis .....	9
Funn - Omfang .....	11
Kor omfattande er bruken?.....	11
Alder .....	12
Kjønn .....	12
Bakgrunn .....	12
Mengde og frekvens .....	14
Tilgjenge.....	15
Haldningar .....	16
Kunnskap om og haldningar til bruk av cannabis .....	16
Avhengigheit, skadar og risiko.....	17
Pågåande innsats.....	18
Førebyggjande innsats.....	18
Oppfølging til ungdom og unge vaksne i målgruppa .....	19
Ynskjer og behov for vidare innsats .....	21
Oppsummering .....	23
Forslag til tiltak .....	24
Behov for auka kunnskap, informasjon og synleggjering av tiltak .....	24
Handlingsplan.....	25
Bibliografi .....	27
Litteratur .....	27
Elektroniske kjelder.....	27

## Bakgrunn for kartlegginga

Bakgrunnen for denne kartlegginga var auka uro blant tilsette i rusomsorga, for ei haldningsendring i synet på cannabis blant ungdom og unge vaksne på Stord. Vidare var det sprikande oppfatningar om kor stor bruken var. På bakgrunn av dette vedtok politirådet i Stord kommune at det skulle gjennomførast ei lokal kartlegging av omfang og haldningar til cannabis blant ungdom og unge vaksne på Stord.



Det vart oppretta ei kartleggingsgruppe der ulike tenestar i kommunen og ein representant frå Stord lensmannskontor deltok. Då kommunen hadde god kunnskap om metoden *Hurtig kartlegging og handling* (HKH), valte kartleggingsgruppa å bruke denne. HKH-metoden er eit nyttig verktøy når det gjeld å gjennomføre raske og systematiske kartleggingar. Vidare kan den bidra til at hjelpeapparatet og andre aktuelle instansar vert meir treffsikre når det gjeld iverksetjing av tiltak.

## Målsetjing med kartlegginga

Målsetjing med kartlegginga var å:


- Auke kunnskapen om omfang av cannabisbruk blant ungdom og unge vaksne i Stord kommune og kartleggje haldningar til cannabis blant den same målgruppa
- Kartleggje eksisterande tiltak retta mot unge vaksne som nyttar cannabis og vurdere om det er behov for nye tiltak eller andre intervensjonar

## HKH-metoden

Hurtig kartlegging og handling (HKH) er ein kartleggingsmetode utvikla av Verdens Helseorganisasjon, som Kompetansesenter rus (KoRus) vest, Bergen ved Stiftelsen Bergensklinikkene har tilpassa praktiskarar og norske forhold. HKH er utvikla frå ein Rapid Assessment & Response (RAR)-metode. Metoden er god å nytta for å kartlegga marginaliserte grupper, særleg i arenaer og miljø der hjelpeapparatet normalt har lite innsyn. Den aukar moglegheitene for å klargjera eitt eller fleire problemområde og skal resultera i konkrete forslag til handtering av desse. HKH byggjer på ein metodikk der både fagfelt, personar i målgruppa og aktuelle nøkkelinformantar med særskild kjennskap til temaet eller målgruppa, bidreg med sin kunnskap og erfaring (Berg og Flesland 2014, s.5).

Ved å nytta eksisterande data i kombinasjon med nye undersøkingar, kartlegg ein identifiserte problemområde, parallelt med at opplysningar om dei ulike instansane sin pågåande innsats vert innhenta. Analysen vert gjennomført ved metodetriangulering. Når ein

nyttar HKH-metoden inneber metodetrianguleringa å innhente informasjon frå personar i målgruppa, andre instansar som har kjennskap til og/eller kontakt med personar i målgruppa,



statistiske data, regionale og nasjonale rapportar og ungdomsundersøking (Berg og Flesland 2014, s.5 og 27). Dette betyr at funn vert identifisert på grunnlag av gjentekne treff i ulike kjeldedata. På bakgrunn av funn og samanfatta data, presenterer ein forslag til tiltak og handlingsplan.


Metoden sin validitet baserer seg nettopp på kombinasjonen av kvantitative og kvalitative metodar. Innanfor same kartlegging gjev det kartleggingsgruppa høve til å kryssjekka moglege funn. HKH-metoden gjev ikkje vitenskapelig perfektjon, men målet er god nok kunnskap til å kunne komma med konkrete forslag til handling (Berg og Flesland 2014, s.5).

Tid og ressursar gjer at moglegheitene for å kartleggje alle personar og instansar som kan ha kjennskap til problemområde er avgrensa. Kartleggingsteamet har difor nytta eit utval personar som er teoretisk representativt (Berg og Flesland 2014, s.25).

**«Målsettingen ved bruk av HKH er å innhente informasjon som gir rask oversikt over problemområder eller problemgrupper for så å tilrettelegge for rask innsats og utvikling av formålstjenlige intervensjoner. Hensikten er å minimalisere risikoene og skadene for enkeltindivider eller befolkningen generelt»**

**- Berg, E.K.U. og Flesland, L.**

## Kartleggingsprosessen



Figur 1: HKH - Prosessen

## Innleiande konsultasjon

Innleiande konsultasjon var det fyrste steget i sjølve datainnsamlinga og vart halde på Stord Hotell 20.01.2016. Målsetjinga med innleiande konsultasjon var at deltakarane skulle kome fram til nokre problemstillingar som ein ynskta å få belyst, samt å prioritere desse.

Kartleggingsgruppa inviterte difor instansar med kjennskap til ulike ungdomsmiljø og personar som jobbar med ungdom og unge vaksne. På møtet stilte 20 personar som representerte kommunen, fylkeskommunen, politiet, næringslivet og elevar frå den vidaregåande skulen.

Etter å ha arbeida i fokusgrupper var det brei semje om at nøkkeltemma skulle baserast på omfang av og haldningar til cannabis, og at det var behov for ei systematisk kartlegging av dette. Kartleggingsgruppa fekk stadfesta at det er ei usikkerheit kring bruk, haldningar og omfang i høve cannabis blant ungdom og unge vaksne på Stord. Det kom fram at uroa var størst for ungdom/unge vaksne med psykiske helseutfordringar og fråfall frå skulen, og at overgangar mellom skular, eller frå skule til arbeidslivet er sårbare periodar.

Med bakgrunn i oppdraget frå politirådet, uroa hos dei tilsette i rusomsorga og dei problemstillingane som vart belyst på innleiande konsultasjon, satt kartleggingsgruppa opp ei liste over problemstillingane ein ville kartlegge og kva for eit utval ein ville ha fokus på. Det vart konkludert med følgjande nøkkeltema:

### • **Omfang**

- Kor omfattande er bruken?
- Kven er brukarane?
  - Alder
  - Kjønn
  - Bakgrunn
- Mengde og frekvens
- Tilgjenge

### • **Haldningar til**

- Bruk av cannabis
- Kunnskap om cannabis
- Legalisering
- Avkriminalisering
- Avhengigheit
- Skadar og risiko



## Eksisterande materiale og mediesøk

Ein av metodane kartleggingsgruppa har nytta er å hente inn eksisterande materiale og utføre mediesøk. Materialet som er henta inn er Stord kommune sine «Føre Var» rapportar, kartlegginga *Ungdata*, *SHoT-undersøkinga* av 2014, og statistikk frå politiet. Statistikken frå politiet var dessverre for upresis til at den vart nytta i analysen av funna.

## Føre Var

«Føre Var» er ei systematisk overvaking av rustrendar. Systemet er utarbeidd av KoRus vest Bergen og vart brukt i Stord kommune frå 2005 til 2014. Utekontakten har sidan 2005/06 utgitt to rapportar i året. «Føre Var» gav kommunen ein rask og påliteleg identifikasjon, overvaking og rapportering av lokale trendar og tendensar for tilgang og bruk av rusmiddel. Hovudmålet med denne typen rapportering var å forkorta tidsspennet frå nye rusmiddelrendar oppstod ute i miljøa, til informasjonen om dette nådde fagmiljøet i kommunen, for å kunna jobba meir målretta ved å vera betre førebudd i arbeidet med rusrelaterte problem. Rapportane er basert på kvantitativ og kvalitativ data frå ei mengd av ulike kjelder.

## Ungdata

Ungdata er eit kvalitetssikra system for gjennomføring av lokale spørjeskjemaundersøkingar for elevar på ungdoms- og vidaregåande skule. Forskingsinstituttet NOVA og dei regionale kompetansesentera for rusfeltet (KoRus) har det faglege ansvaret for undersøkingane, medan kommunane står for den praktiske gjennomføringa (Ungdata u.å.). Stord kommune gjennomførte undersøkinga Ungdata hausten 2015. Totalt 1223 elevar frå ungdomsskulane (svarprosent 80) på Stord samt den vidaregåande skulen (svarprosent 73) svara på undersøkinga.

## SHoT

Undersøkinga SHoT kartlegg studentane si helse og trivnad i brei forstand. Målgruppa er heiltidsstudentar under 35 år med norsk statsborgarskap. Høgskulen Stord/ Haugesund (HSH) var éin av 10 samskipnadar som i 2014 deltok i undersøkinga som TNS Galup utførte. Totalt svara 670 studentar frå HSH på undersøkinga. Dette er studentar som studerer både på Stord og i Haugesund (Nedregård og Olsen 2014, s.1).





## Mediesøk

For å finne ut av kor stor interessa for temaet cannabis er i lokale media, vart det gjennomført mediesøk på artiklar i nettutgåvene til bladet Sunnhordland, Haugesunds Avis og Bergens Tidende i løpet av 2015. Cannabis, hasj og Stord vart brukte som søkeord. I tillegg har kartleggingsgruppa samanlikna kor mange treff ein har på dei same søkeorda i perioden frå 2009 til 2015 i avisene Sunnhordland og Haugesunds Avis. I dette arbeidet har kartleggingsgruppa brukt Førre Var- rapportane, som Utekontakten i Stord kommune gav ut to gongar i året til og med 2014. Mediesøk åleine kan ikkje seie noko om kor stor interessa for temaet cannabis er på Stord. Det kan tenkjast at ikkje alt som vert skrive om temaet vert lagt ut på avisene sine nettsider. Det kan også hende at det vert skrive artiklar og annan informasjon om cannabis utan at eit mediesøk i nokre utvalde aviser fangar dette opp. I tillegg seier ikkje funn frå mediesøket noko spesifikt om målgruppa for denne kartlegginga. Derfor må informasjonen som kjem fram gjennom mediesøk tolkast med varsemd. Likevel kan denne informasjonen vere viktig, fordi me får ein indikator på kor stor interesse lokale media syner for temaet cannabis. I tillegg vil ein gjennom søk i media kunne fange opp om det er ekstra stor eller ekstra liten omtale i særskilte periodar. Likevel må mediesøk brukast som ei supplerande kjelde.

## Kartlegging av pågåande innsats

Kartleggingsgruppa laga og tok i bruk standardiserte telefonintervju, der heile 20 instansar i Stord kommune vart intervjuar om deira pågåande innsats for målgruppa.

## Intervju med nøkkelinformantar

Nøkkelinformantar er personar som ein tenkjer sit med spesiell kunnskap om, eller god innsikt i det temaet som vert kartlagt (Berg og Flesland 2014, s.31). Kartleggingsgruppa gjorde difor eit strategisk utval då det vart plukka ut nøkkelinformantar, og kom fram til personar som er sentrale i dei ulike tenestene og verksemdene som jobbar, eller er i kontakt med vår målgruppe. Totalt 7 halvstrukturerte intervju med nøkkelinformantar vart gjennomført. Å få fram verda til informantane er det sentrale i halvstrukturerte intervju. Intervjua er ein samtale mellom informanten og intervjuar med ein viss struktur og hensikt. Det er verdt å trekkje fram at eit forskingsintervju ikkje er ein samtale mellom likeverdige partar, då det er forskaren som definerer og kontrollere situasjonen (Kvale 2002, s.21). Det vart utarbeidd ein intervjuguide som vart nytta i intervjua og alle intervjua vart forenkla transkribert.



## Intervju av personar i målgruppa

Kartleggingsgruppa gjennomførte også intervju med personar i målgruppa. Også her vart det gjort eit strategisk utval og denne gongen av personar kartleggingsgruppa hadde kjennskap til, som er eller har vore sentrale i-, og/eller har kunnskap om cannabisbruken på Stord. Det vart gjennomført 7 halvstrukturerte intervju med ungdom og unge vaksne i målgruppa som me meinte kunne ha god oversikt over omfang og haldningar til cannabisbruk i ulike miljø på Stord. Dei me intervjuja representerer ulike miljø, har ulike dagtilbod, er i ulike aldersgrupper innanfor målgruppa, samt representerer begge kjønn. Kartleggingsgruppa hadde mål om å få til eit intervju med ein student ved HSH, men lukkast ikkje med det. På same måte som i nøkkelinformantintervjua vart det utarbeida ein intervjuguide og intervjuja vart transkribert.

## Avsluttande konsultasjon

Målsettinga med avsluttande konsultasjon er å presentera funn frå kartlegginga til oppdragsgivar og andre interessentar (Berg og Flesland 2014, s.53). Avsluttande konsultasjon vart halden 25.04.16 på Stord Hotell med i hovudsak dei same deltakarane som i innleiande konsultasjon. Deltakarane fekk moglegheit til å kommentera funna og drøfte moglege forslag til tiltak. Kartleggingsgruppa fekk vidare sjekka ut om den pågåande innsatsen var riktig skildra.

## Cannabis

Cannabisplantene, hovudsakleg Cannabis sativa og Cannabis indica, er det mest utbreidde ulovlege rusmiddelet over heile verda når det gjeld både dyrking/produksjon og bruk.

Cannabis er ei fellesnemning for materiale som vert utforma av cannabisplanta, Cannabis Sativa, som er ei plante i hampfamilien. Nokre av dei vanlegaste cannabisprodukta er marihuana, hasj og cannabisolje. I tillegg til desse kjem syntetiske cannabinoider. Skilnaden på desse ulike typane er framstillingsmåten (Bretteville-Jensen 2013, s.17, Pedersen 2015, s.100 og Folkehelseinstituttet 2016).



Marihuana består i hovudsak av tørka, knuste blader frå cannabisplanta, men det kan òg innehalde toppskot, stilkar og frø frå planta. Marihuana vert sett på som eit «naturleg produkt», då det ikkje er prosessert, i motsetting til hasj og cannabisolje. Hasj, eller hasjisj, er eit meir potent produkt som særleg består av cannabiskvae frå stengelen. Dette vert oppkonsentrert og pressa saman med



andre plantedelar og bindemiddel. Cannabisolje er plantesaft som er ekstrahert frå cellulosematerialet i cannabisplanta. Denne plantesafta vert dampa, slik at ho dannar eit seigtflytande, oljeliknande produkt. Syntetiske cannabinoider er stoff som er framstilt på laboratorium for å etterlikna verknader av naturlege cannabinoider, sjølv om dei er kjemisk ulike. Både



rusverknad og uheldige verknader av syntetiske cannabinoider er sterkare enn ved inntak av naturleg cannabis, bruken gjev òg truleg ein større risiko for utvikling av psykosar enn det bruk av cannabis gjer. Den vanlegaste inntaksmåten for cannabis er røyking.

Verkestoffet er ikkje løyseleg i vatn, dette avgrensar andre inntaksmåtar. Cannabisprodukta kan tilsetjast ulike matvarer og etast (Folkehelseinstituttet 2016 og Bretteville-Jensen 2013, s.28 og Pedersen 2015, s.101).

Cannabis gjev både dempende og svakt hallusinogene symptom, og kan føra til at ein endrar verklegheitsoppfatninga. Ein skil mellom to typar ruspåverknad av cannabis. Den fyrste er akutt rus, som har to fasar. Den andre er ein langsiktig, kronisk ruspåverknad.

Den fyrste fasen i den akutte rusen varer under éin time etter røyking av cannabis. Den kjenneteiknast ved symptom som hoste, svimmelheit, trykk i hovudet, auka puls, tørrheit i munn, raudheit i auger samt auka matlyst. Vidare vert tankane meir aktive og fleire vert meir utåtvend. Den andre fasa er ei meir innvendt tilstand som varer i fleire timar. Ein er fortsatt aktiv i tankane, tankeflukta er utprega og assosiasjonane talrike. Vidare vert fargane og lukter sterkare, og kjensler forsterka. Vanerøykarar kan ha ei kortare andre fase. Den akutte rusen kan gje kjensler av avslapping og velvære. Svekking av koordinasjon, konsentrasjon og reaksjonsevne er påvist opp til 24 timar etter inntak (rustelefonen u.å.).

I følgje Kripos sin narkotika- og dopingstatistikk for 2015 (Politiet 2016, s.2) har styrkjegraden i cannabisprodukt auka stort dei siste åra. I dag vurderer ein at normal styrkjegrad på hasj inneheld 10-15 % av det psykoaktive verkemiddelet tetrahydrocannabinol (THC), mot 5-10 % for få år sidan. Kripos viser vidare til i sin rapport at dei møter jamt på cannabis med styrkjegrad opp mot heile 30 % THC. Auken i styrkjegrad kjem og fram i ein europeisk narkotika rapport av 2016 (EMCDDA 2016, s.20 og 21) der det går fram at både cannabisharpiks og marihuana har vorte særleg potente. Det vil seie ei auke av innhald av THC.

## Funn - Omfang

For å kunna seie noko om omfanget av cannabisbruken i målgruppa, har me nytta informasjon frå målgruppe- og nøkkelinformantintervjua, samt data frå undersøkingane Ungdata og SHoT.

### Kor omfattande er bruken?

Det er ei klår oppfatning blant målgruppeinformantane at cannabisbruken på Stord er utbreidd. Utsegn som «alle gjer det» vert flittig nytta, og det er ei klår oppfatning av at cannabisbruk er vanleg i intervjuobjekta sine omgangskretsar. Likevel vart biletet meir nyansert då kartleggingsgruppa utfordra informantane til å utdjupe kor mange dei veit om som faktisk brukar cannabis.


Tal frå Ungdata synar at det er lite bruk av cannabis blant ungdomsskule- og vidaregåande elevar på Stord, samanlikna med resten av landet. Av svar frå 640 ungdomsskuleelevar på Stord, svara i underkant av 1% at dei hadde nytta cannabis éin eller fleire gonger, samanlikna med 3% nasjonalt. Fleirtalet av målgruppeinformantane vart introdusert for cannabis i slutten av tenåra, og dette samsvarar med informasjon frå andre kjelder i kartlegginga. 7% av elevane ved Stord vidaregåande skule svara i undersøkinga at dei hadde nytta cannabis éin eller fleire gonger mot 11% nasjonalt. Det er verdt å merke seg at tala frå Ungdataundersøkinga berre seier noko om dei som faktisk tek del i vidaregåande opplæring og deltok i undersøkinga. I alt 590 (73 %) av elevane på Stord vidaregåande svara på undersøkinga. Undersøkinga SHoT som studentar ved HSH utførte i 2014 viser at 2 % av studentane hadde røyka cannabis fem eller fleire gongar det siste halve året, mot 5 % av gjennomsnittet av alle som svarte. Det er vidare vert å merke seg at HSH er overrepresentert av jenter og at det er flest jenter som har svart på undersøkinga (Nedregård og Olsen 2014, s.106, 111 og 112).

Ser ein på undersøkingar gjort internasjonalt, anslår ein at omkring 9,6 millionar unge europearar eller 16,4 % i aldersgruppa 15-24 år har brukt cannabis det siste året (EMCDDA 2016, s.38).

Det kjem tydeleg fram at cannabisbruk i målgruppa finst i ulike miljø. Informantane i målgruppa viser til at ein kan finne cannabisbrukarar i alle lag, og at det ikkje har noko å seie frå kva samfunns- og/eller miljøgrupperingar personar kjem frå når det gjeld bruk av cannabis. Dei som nyttar cannabis har ulike dagtilbod. Nokre går på skule, andre er i jobb eller er lærlingar, medan nokre står utanfor arbeid eller aktivitet.

## Alder

Gjennom kartlegginga var det brei semje blant intervjuobjekta om at fleirtalet av ungdommane som nyttar cannabis byrja i slutten av tenåra. Majoriteten av kjeldene peiker på at det i hovudsak er unge frå 17 år og oppover som nyttar cannabis. Dette kan samsvara godt med tala frå Ungdata der det kjem tydeleg fram at det skjer noko i overgangen frå første til andre trinn på vidaregåande skule. 3,8 % av fyrsteklassingane ved Stord vidaregåande skule svara at dei hadde nytta cannabis, mot 11,3 % og 11,2% i andre og tredje klasse. Fleire av målgruppeinformantane nemner at dei kjenner til nokre få personar i ungdomsskulealder som nyttar cannabis. Tala frå Ungdata og informasjon frå nøkkelinformantane underbygg at det er svært få elevar på ungdomsskulen som nyttar/har prøvd cannabis.



## Kjønn

I høve kjønnsfordeling kjem det fram gjennom både målgruppeintervjua og nøkkelinformantintervjua, samt intervju om pågåande innsats, at det er snakk om flest gutar som har prøvd

cannabis éin eller fleire gonger. Det vil ikkje seie at det ikkje er jenter som nyttar, men at inntrykket er at dei er i klart mindretal. Dette ser me òg igjen gjennom Ungdata på Stord som viser at fleirtalet av dei som hadde nytta cannabis éin eller fleire gongar var gutar.

Samanliknar me dataa med studiar i Europa, samanfattar dataa godt då ein finn data som viser at det er dobbelt så mange gutar som jenter i alderen 15-34 år som har prøvd cannabis det siste året (EMCDDA 2016, s.38).

## Bakgrunn

På spørsmål om kvifor ungdommar nyttar cannabis, er det i hovudsak to grunnar som nøkkel- og målgruppeinformantane oppgjev. Nokre brukar det i samband med fest, medan fleire meiner at cannabis vert nytta for å dempe symptomtrykk og ubehag. Fleire av målgruppeinformantane meiner at dei og andre nyttar cannabis for å oppnå generelt betre sjølvkjensle. Men i tillegg kjem det fram at påverknad frå vener og/eller media er ein av hovudgrunnane til at ungdommen vel å prøve/nytta cannabis.

Frå målgruppa vert det også peika på at dei som nyttar cannabis i samband med fest og for å ha det gøy, har ein meir sporadisk bruk. I intervjuja kjem det fram at det er vanleg å nytta cannabis anten i staden for, eller i tillegg til alkohol på fest. Her er det snakk om personar frå alle samfunnslag.

Hos dei som derimot nyttar cannabis for å dempe ubehag, verkar det som om bruken er meir systematisk. Nokon av informantane snakka om at mange nyttar cannabis for å kople av før eller etter slitsame dagar på skule/ jobb, eller etter trening. Fleire av dei som seier dei har nytta cannabis éin eller fleire gonger, opplever at cannabisbruken bidreg til at ein meistrar kvardagen betre. I tillegg meiner dei at



bruken kan lindre sjølvopplevde psykiske helseplager som angst, uro, redsel, stress og liknande. I Ungdataundersøkinga vert det òg peikt på samanhengen mellom det å nytta cannabis og psykisk helse. Fleire av dei som har nytta cannabis meir enn éin gong har tankar om at «alt er eit slit» og svara at dei er mykje plaga med kjensler av tristheit og depresjon. Mange seier og at dei vert plutselig redd utan grunn og at dei er mykje engstelege og urolege.

I denne kartlegginga kjem det fram ei uro kring psykisk helse og gutar. Det vart påpeika i avsluttande konsultasjon at media har fokusert mykje på den psykiske helsa blant ungdom. Fleire av deltakarane på innleiande og avsluttande konsultasjon, samt nøkkelinformantane opplever at det i hovudsak er jenter som oppsøker hjelp medan gutar går lengre åleine med vanskane før dei søker hjelp. Blant målgruppeinformantane vert det også nemnt at gutane kanskje er meir opne om cannabisbruk.

Når det kjem til bakgrunnen til dei som har nytta cannabis meir enn éin gong, er det brei semje om at det ofte handlar om ungdom/unge vaksne med ulike psykiske helsevanskar, der tøff familiebakgrunn og einsemd vert påpeika. Fråfall i skulen vert også nemnd. Desse funna vert underbygd av tala frå Ungdata som viser at 12% av dei som har røyka cannabis meir enn éin gong seier at dei har skulka skulen 11 gonger eller meir det siste året. 0,9% av dei som har røyka cannabis meir enn éin gong seier at dei ikkje har skulka det siste året. Fleire av dei som har røyka cannabis meir enn éin gong svara at dei ikkje trivst på skulen. Likevel nemner fleire av målgruppeinformantane at mange av dei som nyttar cannabis kjem frå «vanlege» familiar og at dei har hatt ein «normal» oppvekst.



Kjelder frå både målgruppa og nøkkelinformantane hevdar at fleire av dei som brukar cannabis tek del i organiserte fritidsaktivitetar, medan andre står utanfor organisert aktivitet. Eit fleirtal av målgruppeinformantane nemner at det er fleire av dei som nyttar cannabis som driv med trening, og då særleg styrketrening på eigenhand. Men også innan organisert idrett førekjem det cannabisbruk. Fotball vert nemnt av fleire, både i målgruppa og blant nøkkelinformantane. Likevel vert det peika på at omfattande cannabisbruk er lite foreinleg med eit høgt aktivitetsnivå. Dei som nyttar mykje cannabis tek lite del i aktivitet.

### Mengde og frekvens

Mengde og frekvens varierer frå person til person og den vanlegaste bruksmåten er å røyke cannabis. Både målgruppe- og nøkkelinformantane er tydelege på at det er sterkt varierande kor mykje og kor ofte cannabis vert nytta. Eit fleirtal av informantane seier at å røyke joint er vanlegaste inntaksmåte.



Kartleggingsgruppa kjenner likevel til at cannabis òg kan tilsetjast i matvarer og etast. Dette skjer også på Stord, men ifølgje målgruppeinformantane i svært liten grad.

Gjennom «Føre Var» rapportane har me oppretta ei god oversikt over korleis cannabisbruken og tilgangen har endra seg dei siste ti åra. Somme av rapportane viser at cannabissituasjonen på Stord til tider har halde seg stabil, men at det har generelt vore ei jamn auke i både tilgang og bruk sidan 2006. «Føre Var» seier derimot ikkje noko om tal på brukarar eller i kva grad cannabis vert brukt, då dette berre er ein trendrapport. Desse rapportane representerer heile befolkninga, ikkje berre ungdom og unge vaksne i vår målgruppe, men dei kan likevel seie mykje om den tydeleg aukande trenden og tilgangen til cannabis på Stord.


Føre Var på Stord våren 2014 viser til at cannabis er det illegale rusmiddelet som blir mest brukt. Gjennom dei ni åra det har vore kartlagd rustrender i Stord kommune, har trenden for cannabisbruk stige jamt og trutt (Berger og Staveland-Sæter 2014).

Det er relativt få artiklar som omhandlar cannabis i lokale media. I 2015 var det omtrent like mange treff på dei aktuelle søkeorda som tidlegare år. Totalt sett var det ein minimal nedgang på tal treff i løpet av 2015, samanlikna med 2014. Dei fleste treffa dreiar seg om nyhende der det kort vert referert til saker henta frå politiloggen. Likevel var det i januar 2015 fleire artiklar om hasjbruk på Stord. Samla sett verkar det som om interessa for cannabis i lokale media er tilnærma lik slik den har vore tidlegare år.



## Tilgjenge

Føre var rapportar utført på Stord frå 2006-2014 viser at det har vore aukande tilgang til cannabis på Stord alle desse åra, sett bort i frå nokre år der tilgangen var stabil.



Trendgraf frå Føre Var kartlegginga. Grafen viser trendar frå heile befolkninga.

I kartlegginga kjem det fram at cannabis er lett tilgjengeleg på Stord, men at det krev kontaktar for å få tak i rusmiddelet. Alle intervjuobjekta i målgruppa seier at det er lett å få tak i hasj på Stord. Fleire nemner at det er vanskelegare å få tak i marihuana enn hasj. Eit fleirtal av målgruppeinformantane meiner at dei som sel cannabis i hovudsak er i aldersgruppa frå 20 år og oppover. Det er både personar som brukar cannabis sjølv og personar som ikkje brukar, som sel. Nokre sel cannabis for å finansiere eigen bruk. Cannabis vert kjøpt både lokalt og frå ulike stader utanfor Stord. Det kjem og fram at ulike sosiale media som Snapchat, Facebook og Facetime vert nytta for å skaffe og/eller selje cannabis. Rekrutteringa skjer i følgje målgruppeinformantane stort sett gjennom påverknad frå vener, og fest er arenaen ungdommane oftast vert introdusert for rusmiddelet.

Det er likevel lite cannabis på Stord dersom ein samanliknar nasjonale og lokale tal frå Ungdata. Når me ser på kor mange som har vorte tilboden cannabis på Stord seier 4% av ungdomsskuleelevane at dei har vorte tilbudd, medan 10% nasjonalt oppgjev at dei har fått tilbod om cannabis. Ser me på den vidaregåande skulen på Stord, var det 18% som har oppgjeve at dei hadde vorte tilbode cannabis, samanlikna med 27% nasjonalt.

## Haldningar

### Kunnskap om og haldningar til bruk av cannabis

Kartlegginga viser at det føregår ein liberaliseringsdebatt blant mange av ungdommane i målgruppa som nyttar eller har nytta cannabis. I målgruppeintervjua kjem det tydeleg fram at fleire ungdommar ikkje meiner at cannabis er farleg. Fleire trekk fram at dei oppfattar cannabis som mindre skadeleg enn alkohol, og at det er mange ting som er verre. I målgruppa er det ei tydeleg oppfatning av at det var meir skepsis til cannabisbruk før, og at det er større aksept for bruk no. Det vert også peika på at det i liten grad vert snakka om konsekvensar.



Fleire er urolige for at ungdommen får ei for einsidig påverknad frå media. Nokre peikar på at det i TV-seriar og filmar er ei normalisering av cannabisbruk, samt at det er omfattande marknadsføring av cannabissymbol på klesplagg og i populærkulturen. Dette ser me att i nyare faglitteratur. I følgje Pedersen (2015, s.101) oppfattar stadig fleire cannabis som ikkje spesielt farleg og populærkulturen har forsterka slike bilete. Kartlegginga viser at ungdom som nyttar cannabis i all hovudsak søkjer etter kunnskap kring cannabis på internett og blant vener. Det er difor ei uro at dei får einsidig kunnskap fordi dei hovudsakleg oppsøker faktakjelder som underbyggjer egne meiningar. Kartlegginga viser at det er behov for vaksne med nok kunnskap som kan gå i dialog med ungdommane slik at fakta kring cannabis kjem fram og at det vert ei synleggjering av moglege konsekvensar. Dette kjem og fram i ein artikkel frå Universitetet i York; nokre cannabisbrukarar har «omvendt ekspertise» når det gjeld cannabis. Det vil seie at dei ofte har ein meir oppdatert kunnskap enn hjelpeapparatet har, noko som gjer at tenestane ikkje er godt nok innretta på behova brukarane kan ha. I tillegg er det ei auke i etterspurnaden på hjelp, men det viser seg at ein ofte søker hjelp for andre problem som ein vanlegvis ikkje assosierer med cannabis, som for eksempel irritabilitet og dårleg impuls kontroll. Tenestene viser seg å ikkje vera tilstrekkeleg førebudd på å tilby

effektive intervensjonar, då cannabis framleis vert sett på som eit «snilt» rusmiddel (Hamilton 2016).

Ser me på resultatata frå Ungdata vert det stadfesta at ungdom som har nytta eller nyttar cannabis, ikkje synes det er farleg å røyke cannabis. Blant anna kjem det fram at 18% av dei som har røyka cannabis meir enn ein gong, meiner at det ikkje er helsefarleg å røyke cannabis, medan 0,1% av dei som har røyka cannabis meir enn éin gong meiner at det er helsefarleg. Dette kan tyde på at personar som har prøvd cannabis éin eller fleire gonger ynskjer å ufarleggjere cannabis.



I høve avkriminalisering kjem det få svar frå nøkkelinformantane. Det kan på kartleggingsgruppa verke som ein blandar omgrepa avkriminalisering og legalisering. Fekjær (2016, s.308) definerer avkriminalisering som «ingen straffereaksjonar for oppbevaring og bruk», medan legalisering vert definert som «lovleg import, produksjon og omsetjing». Kartlegginga avdekkjer også at det er samanheng mellom haldning og handling. Dei som nyttar har ei meir liberal haldning enn dei som ikkje nyttar.

### Avhengigheit, skadar og risiko

I intervjuar vert det òg spurt om haldningar til avhengigheit. Målgruppeinformantane peika då på at det er livsstilen som er avhengeskapande, samt at ein ikkje ser sjølv at ein vert avhengig. Nokre av målgruppeinformantane meiner at ein ikkje kan verta avhengig då dette er eit «grønt» produkt. Det kan opplevast som eit paradoks at fleire seier at cannabis ikkje er farleg, samstundes som ein seier at ein kan verta avhengig og at ein ikkje innser det sjølv.

Gjennom kartlegginga kjem det fram at det er ulike haldningar til marihuana, hasj og syntetiske cannabinoider. Flest er interessert i marihuana då dette vert opplevd som eit meir naturleg produkt, medan hasj er det som er mest tilgjengeleg. I følgje Bretteville-Jensen (2013, s.27) verkar det å vere brei semje blant cannabisbrukarar om at syntetisk cannabinoider vert opplevd som særst farleg, då brukarane er kjend med at det er ei auka risiko for å oppleve psykosar samt overdose ved bruk av syntetiske cannabinoider. Målgruppeinformantane trekk fram at det er lite omsetjing av syntetiske cannabinoider på Stord. Årsaka er ifølgje informantane at det er kjent at rusmiddelet ikkje gjev ynska rus og at kjennskap til skaderisiko er stor.

## Pågåande innsats

Ein viktig del av HKH-metoden er å undersøke korleis ulike instansar allereie handterer dei problema som vert kartlagt. Kartlegging av pågåande innsats vil seie ei vurdering av kva som allereie vert gjort og kva tiltak som finst på Stord.

Det er mange instansar som tilbyr oppfølging til ungdom i målgruppa. Både kommunale tenester og spesialisthelsetenesta har oppfølgingstiltak som me her vil presentere i grove trekk. I tillegg legg lokale lag og organisasjonar og næringsliv ned ein stor innsats for unge i Stord kommune. Det finst ei rekkje ulike tilbod som ungdom og unge vaksne kan nytte seg av. Mange unge opplev god støtte og hjelp frå personar som ikkje er direkte knytt opp mot hjelpetenester. Trenarar, leiarar eller frivillige i lag og organisasjonar, bedriftsleiarar og kollegar kan vere viktige støttespelarar for unge som har eit problematisk forhold til rus. Me har likevel avgrensa oss til å seie noko om den førebyggjande innsatsen i Stord kommune, og kva oppfølging ungdom og unge vaksne får frå hjelpetenester.

## Førebyggjande innsats

Stord kommune har gjennom mange år hatt eit sterkt fokus på rusførebyggjande arbeid, der fleire tenester er involverte. SLT-koordinator i Stord kommune har ansvar for samordning av tiltak som verkar kriminalitetsførebyggjande, rusførebyggjande, og som reduserer faren for at born og unge utviklar psykiske- og åtferdsproblem. SLT er eit samarbeid mellom kommunen og politiet. Politiet gjer også ein viktig førebyggjande innsats. Dei har kontakt med og tilbyr samtalar med ungdom som har befatning med rus og kriminalitet, og deira føresette. Politiet er også involverte i føredrag og undervisning til elevar i målgruppa.

Skulane er viktige arenaer for å drive rusførebyggjande arbeid. Stord kommune har eit rusførebyggjande program for elevar på 7. og 9. trinn, som blir kalla «Ung på Stord». Tidlegare heitte programmet «Unge & Rus» og fokuserte hovudsakleg på alkohol. I «Ung på Stord» er tema som rus, psykisk helse og nettvett no inkluderte. Programmet legg opp til at elevane skal få informasjon om og få reflektere rundt problemstillingar knytt til desse temaa. Foreldra si førebyggjande rolle er sentral i programmet. MOT er eit anna sentralt tiltak i det førebyggjande arbeidet i kommunen



og er eit tiltak som ungdomsskuleelevane tek del i. Stord er lokalsamfunn med MOT, noko som inneber at ein jobbar med MOT også på andre arenaer enn berre i skulen. Fleire av dei førebyggjande tiltaka i Stord kommune er universelle tiltak, som rettar seg mot heile ungdomsgruppa.

### Oppfølging til ungdom og unge vaksne i målgruppa

Gode helsetenester til unge er viktig i oppfølgingsarbeidet med ungdom og i førebyggjande arbeid. Skulehelsetenesta tilbyr støttesamtalar og hjelp til elevar, og er sentrale i undervisning om mellom anna rus både i grunnskulen og i vidaregåande opplæring. Helsesystemene på vidaregåande gjennomfører standardiserte, faste samtalar med alle elevar på VG1, der rus er eit tema. Helsestasjon for ungdom, med målgruppe ungdom frå 13 til 20 år, tilbyr råd og rettleiing om mellom anna rus og psykiske helse-utfordringar, og yt helsefagleg bistand til ungdom. Fastlegane er også sentrale i oppfølgingsarbeidet av ungdom med rusutfordringar. Dei tilbyr medisinsk hjelp, tilviser til behandling og samarbeider med andre tenester om oppfølging av ungdomane.

Utekontakten er ei frivillig lågterskelteneste for ungdom og unge vaksne i alderen frå 13 til 23 år. Utekontakten er ei rus-, kriminalitets- og psykososialt førebyggjande teneste, som jobbar oppsøkande for å identifisere og etablere kontakt med ungdom i risiko. Tenesta tilbyr individuell oppfølging, med fokus på endring, motivasjon, støtte og praktisk bistand. Utekontakten tilbyr også ulike gruppeaktivitetar, med fokus på sosial dugleikstrening og meistring i trygge rammer.



Det er fleire tenester som tilbyr hjelp til personar som har utvikla vanskar knytt til rusbruk, eller som er i fare for å utvikle eit problematisk forhold til rus. Koordinerande tillitsperson kan hjelpa med å få oversikt over desse tenestene, finna ut kvar ein kan få hjelp, og kva slags

hjelp ein kan få. Noko av hjelpa som blir ytt, er samtalar, heimebesøk, oppretting av individuell plan, og urinprøvetaking. Stord kommune har også eit lågterskel helsetilbod for rusmiddelavhengige og medikamentassistert rehabilitering i Stord (MARiS), som er lokalisert i lag med koordinerande tillitsperson.

Politirådet i Stord kommune vedtok i 2010 at ungdom under 18 år som blei tekne for oppbevaring og/eller bruk av narkotika, skulle få tilbod om ungdomskontrakt med påtaleunnlating. Dette som eit alternativ til vanleg straffereaksjon. Kommunen skulle ha ansvar for oppfølging av ungdommen. Føremålet var å hjelpe ungdommane til å verta rusfrie. Som eit ledd i dette har Stord kommune etablert ei tverrfagleg arbeidsgruppe. Her sit fagpersonar både frå førebyggjande tenester, rusfeltet i kommunen og politiet.

Denne arbeidsgruppa, «Tidleg rusinnsats (Tri),» driftar mellom anna tiltak som rettar seg mot unge som nyttar eller har prøvd cannabis. Medlemmar i gruppa føl opp ungdom som er på ungdomskontrakt. Vilkår for påtaleunnlating er at ein deltek i hasjavvenningsprogram eller cannabisprogram, og at ein dokumenterer rusfridom i to år. Hasjavvenningsprogrammet inneber 15 oppfølgingssamtalar og cannabisprogrammet inneber seks samtalar. Føresette blir involverte i oppfølginga, og begge programma byggjer på samtalar i kombinasjon med urinprøvar. I tillegg blir kompetansen fagpersonane har tileigna seg, nytta i daglege samtalar med ungdom og vaksne (bevisstgjeringsamtalar), og i ulike undervisningssamanhengar. Det blir gitt tilbod til både ungdomar som har skrive under på ungdomskontrakt med påtaleunnlating, og til ungdomar som saman med føresette ønskjer å gå inn i ein frivillig oppfølgingskontrakt.

Barnevernet skal sikra at barn og unge som lever under tilhøve som kan skada deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Dei skal driva førebyggjande samarbeid med andre tenester og frivillige organisasjonar. Barnevernet set i verk undersøking etter bekymringsmelding frå til dømes foreldre, barnet sjølv, annan familie, helsestasjon, barnehage, skule, sjukehus, politi og NAV, og vurderer om det er behov for hjelp. Sunnhordland interkommunale barnevernteneste (Sib) kan sette inn ulike hjelpetiltak og tilby samtalar med ungdommane og foreldra, og eventuelt andre utviklings- og/eller kompensierende tiltak.

NAV gjev, i tillegg til å yte økonomisk stønad, rettleiing og hjelp til personar som har vanskar med rus. NAV søkjer inn til avrusing og behandling, og er eit viktig bindeledd mellom kommunen og spesialisthelsetenestene. NAV er også sentrale når det kjem til å få ungdom og



unge vaksne inn i arbeidsliv, utdanning eller arbeidsretta tiltak. Springbrettet er eit tiltak i NAV som tek sikte på å skaffa ungdom arbeid, eller få avklart framtidig utdanning. Dei tilbyr tett oppfølging, med kartlegging av ressursar og fokus på hjelp og støtte.

I tillegg til fagleg opplæring, har fleire bedrifter og opplæringsinstansar fokus på individuell oppfølging med kartlegging av ressursar, samt samarbeid med kommunen og bedriftshelsetenesta rundt haldningsskapande arbeid. Store bedrifter, som har fleire lærlingar, peikar på at dei ved mistanke om rus, har faste retningslinjer for oppfølging. Rusbruk blir gjerne meldt til leiar, som går vidare med det til bedriftshelseteneste og lege.



### Ynskjer og behov for vidare innsats

Fleire av personane kartleggingsgruppa har intervjuar peikar på at det er behov for og/eller ynskje om meir synlege hjelpetenester. Det blir også peika at det er naudsynt å kome tidlegare inn med førebyggjande tiltak, og at det bør vere eit sterkare fokus på psykiske helseutfordringar blant gutar. Vidare er det ynskje om meir haldningsarbeid og meir kunnskap om og fokus på cannabis. Det kjem tydeleg fram under kartlegginga av pågåande innsats at det er ynskje om eit større fokus på dette i skulen, og då særleg i vidaregåande opplæring.

Fleire instansar, som skulehelsetenesta, Utekontakten og høgskulen Stord/Haugesund, peikar på at det er viktig å halde fokus på førebyggjande arbeid og opplysningsretta tiltak.

Universelle førebyggjande tiltak blir framheva som viktige, slik at ein kan få meir kunnskap om cannabis ut til alle ungdomane og deira føresette. Mange trekk fram at det er viktig med god og oppdatert informasjon og at det er fokus på å synleggjere konsekvensar ved cannabisbruk. Fokus på temaet cannabisbruk og haldningar til dette blir dratt fram som viktig



i både undervisning og i møte med dei unge, og at ein oppmodar til diskusjon for å utfordre kunnskap og haldningar. Ofte sit brukarane på oppdatert informasjon om cannabis. Det er viktig at hjelpeapparatet har god og oppdatert kunnskap om cannabisrusen sine funksjonar. Dette vil kunne danne eit godt grunnlag for ein konstruktiv dialog med dei som har problem knytt til cannabisbruk. Helseopplysning blir også trekt fram som viktig.

Fleire kjelder peikar på at det kan vere vanskeleg å avdekke rusbruk, og at både skulane og andre tenester som har tett kontakt med ungdom må bli flinkare til å spørje om og ha fokus på bruk av rusmiddel i møte med den einskilde ungdom. Det er også ynskje om meir oppsøkande arbeid, for å tidlegare kunne etablere kontakt med ungdom som har byrja å utvikle problematiske rusvanar. Fleire hevdar også at det kan vere naudsynt med kompetanseheving for å bli flinkare til å sjå etter signal og avdekke bruk av rusmiddel.

Fleire av opplæringsinstansane og bedriftene på Stord, peikar på at dei ynskjer eit tettare samarbeid med kommune og politi. Fleire trekk fram at det er viktig å arbeide på systemnivå, og etablere eit godt samarbeid med andre hjelpetenester, samt lag og organisasjonar. Andre etterlyser eit tettare samarbeid mellom kommunale tenester, politi og spesialisthelsetenestene for å kunne kome tidlegare inn. Viktigheita av førebyggjande politiinnsats blir trekt fram av mange. Det blir opplevd som positivt at politiet samarbeider med skulane om førebyggjande tiltak og at dei er ein del av ei heilskapleg hjelp, framfor å tenkje straff.

Samstundes peikar fleire på at det blir jobba godt i den tidlege innsatsen mot rusbruk på Stord. Det har over tid vore jobba godt med eit heilskapleg rusførebyggjande- og haldningsskapande arbeid på Stord. Barnevernet melder at dei får inn færre saker som omhandlar ungdom og rusbruk, og forklarar dette mellom anna med eit fungerande hjelpeapparat. Resultata frå Ungdataundersøkinga skildrar at Stord er klart lågare enn landsgjennomsnittet på alt som har med rus å gjere. Dette er sjølv sagt samansett, og kartleggingsgruppa meiner at det førebyggjande arbeidet som har vorte utført over tid er ein av fleire årsaker. I denne undersøkinga peikar fleire på at kontinuitet i førebyggjande tiltak er viktig for å få ønskja effekt. Det blir framheva at ein på Stord har ei positiv erfaring med fleire av oppfølgingstiltaka.

Ungdomskontraktar med cannabisprogram/ hasjavenningsprogram vert trekt fram som eit godt tiltak av ulike instansar, informantar frå målgruppa og evalueringar frå ungdom/ unge vaksne som har gjennomført programma. Dei same personane oppmodar om at dette

individuelle tiltaket vert vidareført og utvikla vidare. Den tette oppfølginga med systematisk oppbygde samtalar er det essensielle i oppfølginga og så vert urinprøvane brukt som kontroll. Sjølv om fleire meiner at tiltaket ungdomskontrakt kan ha hatt god effekt for fleire ungdomar på Stord, vil kartleggingsgruppa vise til at det ikkje finnes nokon systematisk kunnskapsoversikt som viser at ruskontraktar er eit effektivt verkemiddel i det førebyggjande arbeidet (KoRus, 2016). KoRus Oslo/ KoRus øst utførte i 2015 ein rapport om frivillige ruskontraktar der dei konkluderer med at det kan sjåast ut som det er ungdommar i ein tidleg fase i si ruskarriere, samt har involverte foreldre og elles har det greitt i livet som best lukkast i kontraktperioden. Vidare konkluderer dei med at det verkar som om kontraktane fungerer best når det vert lagt vekt på hjelp i form av samtalar og oppfølging av nettverket rundt ungdommen og ikkje straff. Dei trekkjer vidare fram i rapporten at dei ser at urinprøvetesting kan vere positivt for å byggje opp att tillit til foreldre og hjelpeapparatet, vere eit argument for å seie nei, samt eit signal til ungdomsmiljøet om at samfunnet reagerer mot dei som eksperimenterer med illegale rusmidlar (Lien og Larsen 2015, s.38-40).

## Oppsummering

Sjølv om det frå målgruppa vart påpeikt at cannabisbruken hjå unge vaksne på Stord er stor, finn ikkje kartleggingsgruppa samsvar med det i denne kartlegginga. Tvert om kjem det fram at Stord ligg under landsgjennomsnittet når det kjem til bruk av cannabis hjå unge vaksne. Det er vidare oppløftande at det ser ut som det er minimalt bruk av syntetiske cannabinoider.

Det peikar seg ikkje ut spesielle miljø der cannabis spesielt vert nytta, men me kan finna at gutar nyttar cannabis i større grad enn jenter. Det kjem og fram at majoriteten av dei som nyttar cannabis er frå 17 år og oppover, samt at det ser ut som at det skjer ei endring hjå ungdom mellom 1. klasse og 2. klasse på vidaregåande skule. Det viser seg og at av dei som nyttar cannabis på Stord, slit fleire med psykiske helsevanskar og/eller kjem frå familiar med ulike utfordringar. Samstundes vert det vekt ei særskilt uro kring gutar si psykiske helse.

Det viser seg og at personar i hjelpeapparatet ynskjer meir, betre og oppdatert kunnskap om cannabis, då ein ser at dei unge vaksne ofte har kunnskap om cannabis som er meir utbreidd og oppdatert enn personar i hjelpeapparatet har. Dette kan gjere at ein i hjelpeapparatet vert betre rusta til å føra samtalar rundt temaet med personar som har eit problem i høve cannabis, samt gje den unge vaksne eit betre behandlingstilbod der det er naudsynt. På Stord er det etablert eit tett samarbeid rundt ungdom og rusbruk som kan sjå ut har hatt ein positiv effekt.

## Forslag til tiltak

### Behov for auka kunnskap, informasjon og synleggjering av tiltak

Kartlegginga har vist at det er ulike førebyggjande tiltak som alt er verksatt på Stord, og at det vert jobba godt med førebyggjande arbeid i kommunen. Likevel er enkelte av tilboda lite kjende både blant ungdommar og personar som er tilsett i kommunen. Det kjem fram at tiltaka er godt kjent blant dei som jobbar direkte med tiltaka men ikkje av andre som kunne hatt nytte av desse tiltaka.


Kartlegginga viser altså at kommunen har ein del å gå på når det gjeld informasjon om tiltak til foreldre og ungdom og samarbeid mellom dei ulike instansane som kjem i kontakt med ungdom som nyttar cannabis. Før kartlegginga starta var det ei uro i rusomsorga til ei opplevd haldningsendring til cannabis blant ungdommar og unge vaksne. Kartlegginga har vist at det er ungdommar som ufarleggjer cannabis. Kartleggingsgruppa meiner difor det er eit behov for at hjelpetenestane har nok kunnskap om cannabis slik at dei kan vere med i debatten rundt temaet, og at fakta kring cannabisbruk kjem fram, slik at det blir ei synleggjering av moglege konsekvensar. Mellom anna er det viktig å kjenne til at dagens cannabis er meir potent enn den var for berre få år sidan. Fleire instansar ynskjer òg eit større fokus på cannabis i den vidaregåande skulen.


**«Dei gutane ein fangar opp har hatt problem i årevis og då ser ein at dei gjerne har større vanskar enn jentene, men dei seier ikkje noko om det/søkjer ikkje hjelp sjølv. Ein må få kunnskap ut i skulen så desse gutane blir fanga opp tidlegare og at ein varslar dersom ein er bekymra med tanke på høgt fråvær. Ein treng gjerne fleire alternative skulelaup for gutar, dei manglar mestringskjensle på grunn av skulesystemet.»**

- Frå gruppearbeid, avsluttande konsultasjon



# Handlingsplan





## Bibliografi

### Litteratur

- Berg, E.K.U. og Flesland, L. (2014). *Hurtig kartlegging og handling – manual*. Kompetansesenter rus- region vest Bergen ved stiftelsen Bergensklinikkene.
- Bretteville-Jensen, A.,L. (2013). *Kva vet vi om cannabis?* Oslo: Universitetsforlaget.
- Fekjær, H.O. (2016). *Rus – bruk, motiver, skader, behandling, forebygging, historie*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Kvale, S. (2002). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Pedersen, W. (2015). *Bittersøt*. Oslo: Universitetsforlaget.

### Elektroniske kjelder

- Berger, C. og Staveland-Sæter, J.H. (01/2014): *Føre Var: Kartlegging av rustrender i Stord kommune*. Tilgjengeleg frå <http://www.stord.kommune.no/Global/Utekontakt/F%c3%b8re%20Var/F%c3%b8re%20var%20V%c3%a5r%202014%20web.pdf?epslanguage=no> [Publikasjonsdato ikkje oppgitt, lasta ned 13.02.16].
- Emcdda (2016).European drug rapport – Trends and developments . Tilgjengeleg frå <http://www.emcdda.europa.eu/system/files/publications/2637/TDAT16001ENN.pdf> [Publikasjonsdato ikkje oppgitt, lasta ned 20.06.16].
- Folkehelseinstituttet (2016).*Fakta om cannabis, hasjissj, marihuana*. Tilgjengeleg frå <http://www.fhi.no/artikler/?id=52601> [Publikasjonsdato ikkje oppgitt, lasta ned 30.03.16].
- Hamilton, I. (2016). *Effective treatments for cannabis use hampered by «benign» image-conference told*. Tilgjengeleg frå <http://linkis.com/www.york.ac.uk/news-/R3sbr> [Publikasjonsdato 07.06.16, lasta ned 10.06.16].
- KoRus (2016). *Ruskontrakter – hva sier kunnskapen om effekten av dette tiltaket?*. Tilgjengeleg frå <http://korusbergen.no/ruskontrakter-hva-sier-kunnskapen-om-effekten-av-dette-tilta/> [Publikasjonsdato 26.02.16, lasta ned 20.06.16].
- Lien, M.,I. og Larsen, Y. (2015). *Flinkiser og «dropouts»*. Tilgjengeleg frå <http://www.rus-ost.no/file=12294> [Publikasjonsdato ikkje oppgitt, lasta ned 05.03.16].
- Nedregård, T. og Olsen, R. (2014). *SHoT 2014*. Tilgjengeleg frå [http://www.sib.no/no/raadgivning/lykkepromille/SHoT2014\\_Rapport.pdf](http://www.sib.no/no/raadgivning/lykkepromille/SHoT2014_Rapport.pdf) [Publikasjonsdato ikkje oppgitt, lasta ned 02.03.16].
- Politiet (2016). *Narkotika- og dopingstatistikk 2015*. Tilgjengeleg frå [https://www.politi.no/vedlegg/lokale\\_vedlegg/kripos/Vedlegg\\_3549.pdf](https://www.politi.no/vedlegg/lokale_vedlegg/kripos/Vedlegg_3549.pdf) [Publikasjonsdato ikkje oppgitt, lasta ned 05.07.16].

Rustelefonen (u.å.). *Fakta om cannabis*. Tilgjengeleg frå  
< <http://www.rustelefonen.no/fakta-om-cannabis/>> [Publikasjonsdato ikkje oppgitt,  
lasta ned 14.02.16].

Ungdata (u.å.). *Om Ungdata*. Tilgjengeleg frå  
<<http://www.ungdata.no/id/22558.0>> [publikasjonsdato 19.11.10, lasta ned 05.06.16].

WHO (2011). *The health and social effects of nonmedical cannabis use*. Tilgjengeleg frå  
<[http://www.who.int/substance\\_abuse/publications/cannabis\\_report/en/](http://www.who.int/substance_abuse/publications/cannabis_report/en/)>  
[Publikasjonsdato ikkje oppgitt, lasta ned 14.02.16].



